

# Orkan-jenta

Nyttårsdag 1992.



Under dei verste orkankasta 1. nyttårsdag fødde Helle Ingelsrud ei jente på stovegolvet heime hos kommunelegen.

I blafringa frå stearinlys, på stovegolvet til kommunelegen på Haramsøya, fødde Helle Ingelsrud sitt første barn 1. nyttårsdag. Ei fin jente på 3730 gram kom til verda under dei verste orkankasta. Ambulansebåten kunne ikkje gå ut på grunn av uver, og dermed måtte Helle føde på øya.

Hanna Reiling Berg

– Orkanen merka eg ikkje så mykje til. Eg hadde meir enn nok med meg sjølv og dei sterke smertene, fortel den nybakte mora på 21 år. Ho innrømmer at fødselen var knallhard utan noko form for bedøving, men heldigvis var det fort overstått og alt gikk bra.

Helle vakna av sterke ryggsmarter ved 05-tida 1. nyttårsdag heime på Ulla på Haramsøya. Ho hadde fødselstermin 30. desember, men hadde ikkje merka noko spesielt nyttårskvelden. Etter vel ein time førstod Helle at fødslen var i gang. – Klokka 06.30 køyrdie vi til Austern for å få tak i ambulansebåten. Men båten kunne ikkje gå ut på grunn av orkanen, og vi måtte reise opp til kommunelegen.

## Straumen forsvann vatnet gjekk

Då Helle og forloveden Elfinn Kobbestad kom inn i legebustaden, forsvann straumen. Samtidig gjekk fostervatnet.

– I ei fart vart det tent stearinlys, og lagt laken på stovegolvet. Eg fekk pressrier med ein gong. Alt gjekk så fort at eg fekk ikkje tid til å bli redd. Men det gjorde forferdeleg vondt. Klokka var to minutt på åtte, då jenta vart fødd, fortel Helle.

Ved 14-tida same dag tok ferja ut for å frakte det nyfødde barnet og foreldra over fjorden. Dermed fekk Helle og barnet kome til Sentralsjukehuset. Jenta

vart undersøkt, og alt stod bra til.

## Ros til fødselshjelparane

– Under fødselen fekk eg hjelp av legen Ivar Franck, heimesjukepleiar Lisbeth Remme og forloveden min Elfinn. Betre hjelp kunne eg ikkje få. Dei var så rolege og takla det heile så fint, seier barselskvinnen. Ho er glad for at det ikkje oppstod komplikasjoner i samband med fødselen. – Kva skal barnet heite?

– Vi har ikkje bestemt oss helt enno, men eg trur det blir Amanda, smiler mora, som blir verande på Sentralsjukehuset fram til søndag.

Kommunelege Ivar Franck seier at fødselen på stovegolvet var ei spesiell oppleveling. Alle stearinlysa på juledekorasjonane var tent, og det brente i oljekaminen. Sjølv om Franck har vore med på fleire fødslar tidlegare, har han ikkje vore alene om ansvaret før.

– Eg fekk gode råd frå heimesjukepleiar Lisbeth Remme, og dessutan ringde eg til ei jordmor på sjukehuset for å få vite kva eg skulle gjøre med morkaka. Det var ein ukomplisert fødsel, og det gjekk svært raskt. Barnet skreik med det same det kom ut, og var frisk og fin. På grunn av det dårlege lyset sa eg først til faren at han hadde fått ein gut, men då vi letta på navlestrenge såg vi at det var ei jente, fortel Franck, som trur det er rundt 20 år sidan førte «heimfødsel» på Haramsøya.